



Klar for den fyrste Tarzantikken i historia. F.v: Håvard Sætrevik, Christoffer Fossli, Bjarte Døssland, Steinar Haugland, ordførar Peder Sjø Slettebø, Gunn Mari Moberg, Stig Berge-Soldal, Bjørn Olav Tveit.

**Tarzantikken i Klatreparken er ein ny idrettsdisiplin og aktivitet i Uskedalen. På den uoffisielle Vestlandsmeisterskapet i dag fekk verkeleg sjå at her krevst det god balanse, koordinasjon og motorikk. Christoffer Fossli var favoritten og han vann soleklart. Åtte profilerte personar var med i tevlinga.**

Reglane for Tarzantikken er morosame og kreative. Alle må, så lenge tevlinga pågår, halda seg i nettet eller på balanseapparata. Den som har tikken, har eit minutt på seg for å nå fram til den personen ein vil tikka. Om ikkje, er du ute av leiken. Trør du ned på bakken, er det ein minutt frys.



Gunn Mari Moberg synte gode balanseevner i Klatreparken, sjølv om ho var den fyrste av deltakarane som gjekk ut.

Den einaste kvinna, Gunn Mari Moberg, var mjuk og sprek så lenge det varte. Ho var det fyrste av deltakarane som gjekk ut. Ordførar, Peder Sjø Slettebø, synte gode takter i nettet. Han kan dette med balanse frå det politiske livet. Rektor Stig Berge Soldal synta at han kan meir enn å vera skuleleiar. Det same må ein kunna sei om Bjørn Olav Tveit. Steinar Haugland, som har vore med på konstruksjonen og bygginga av klatreparken, fann plassane der ingen kom til. Bjarte Døssland var i ein uvant situasjon, der han ikkje kunne prata seg ut av problemet. Håvard Sætrevik sa ikkje stort, men måtte vedgå at dette var noko anna enn fotball.

Den suverene vinnaren var som venta Christoffer Fossli. Med bakgrunn som klatrar og høgdearbeid i Nordsjøen var dette berre ein leik. Fossli vart difor kåra til den fyrste Vestlandsmeister i Tarzantikken 2018.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal





Den suverene vinnaren og vestlandsmeieren er Christoffer Fossli frå Uskedalen.